

Pilotfylket Møre og Romsdal

Årsrapport 2013



Innholdsfortegnelse

1. Tiltak K1 Nasjonalt utviklingsprosjekt i fylkeskommunar og kommunar	3
2. Organisering og forankring	3
3. Oppnådde resultat	3
Hovudmål 1: “Integrere universell utforming i regional virksomhet og være forbilde for fylker og kommuner”	3
Hovudmål 2: “Bistå kommunene innenfor eget fylke til å bli gode på universell utforming”	4
Hovudmål 3: “Være dialogpartner og bidragsyter i det nasjonale arbeidet for universell utforming ved å ta initiativ og medvirke i ulike nettverk og smarbeidsfora”	7
4. Økonomi	7


1. Tiltak K1 Nasjonalt utviklingsprosjekt i fylkeskommunar og kommunar

Møre og Romsdal har sidan 2009 vore med som pilotfylke i tiltak K1 i regjeringas handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengeleight 2009-2013, kalla “Norge universelt utforma 2025 – nasjonalt utviklingsprosjekt i fylkeskommunar og kommunar”.

Intensjonen med vår deltaking var å skape meirverdi innanfor universell utforming utover det som kan forventast av kommunar og fylke på grunnlag av dei alminnelege føringane i lov- og regelverk.

2. Organisering og forankring

Pilotfylkeprosjektet blei formelt avslutta i 2012 i eigen organisasjon, dvs. at det ikkje har vore noko aktiv prosjektgruppe eller eigen prosjektleiar med definert stillingsprosent i 2013. Sjølv om aktiviteten på dette området har vorelågare enn tidligare, har det vore arbeidd med å integrere universell utforming i eiga organisasjon for å sikre vidareføring av det arbeidet som er gjort, m.a. gjennom å ta i bruk “handbok for arbeidet med dei gjennomgåande perspektiva i Fylkesplan 2013-2016” som er omtala i denne rapporten. Vi har og opprettheldt kontakten med departementet og eiga pilotkommunar samt delteke på nasjonale samlingar. Universell utforming har også i 2013 hatt særlig merksemd i vårt arbeid med kommunale planar.



3. Oppnådde resultat

Oppnådde resultat knytt til nasjonale hovud- og resultatmål følgjer nedanfor.

Hovudmål 1: “Integrere universell utforming i regional virksomhet og være forbilde for fylker og kommuner”

Møre og Romsdal fylkeskommune har universell utforming som eit av seks gjennomgåande perspektiv i Fylkesplan 2013-2016. I 2013 er det utarbeidd ein handbok som skal medverke til gjennomføring av Fylkesplan 2013-2016 i eiga organisasjon og der igjen være eit hjelpemiddel for å synliggjere og bevisstgjere omkring dei gjennomgåande perspektiva. Handboka skal sikre gjennomføring av mål og tiltak knytt til kvart av dei gjennomgåande perspektiva, sikre medverking i den regionale planlegginga og fremme verdiane i arbeidsgjepolitikken. I 2013 har vi arbeidd med layout på handboka, publisering på nett og implementering i eiga organisasjon har starta.

Nedanfor følgjer eit døme på korleis kvar av sidene i handboka ser ut. Under kvart gjennomgåande perspektiv er det ei eiga liste med sjekkpunkt til vurdering som kan brukast i eiga sakshandsaming, på kvar side er det i tillegg ei liste med aktuelle lover og forskrifter knytt til tema, lenker til nyttige nettstader og kontaktinformasjon til nøkkelpersonar i organisasjonen.

Resultatmål

Legge til rette for ferdsel, bruk og deltaking
for alle ved at universell utforming
skal vere eit viktig vurderingskriterium
i alle planar og tiltak.

Føremålet med universell utforming er å øke mennesket sine muligheter for samfunnsdeltaking. Omgrepet universell utforming tek utgangspunkt i hele befolkninga, og eit samfunn utforma etter dette prinsippet, vil gi gode muligheter til utvikling og utfalder for alle.

Sjekkpunkt til vurdering

På kva område er det særlig relevant med universell utforming?

Døme:

- Skolebygg, fylkesbibliotek, tannhelseklinikkar
- Kollektivtrafikktilbod, trafikkterminalar
- Byutvikling (tettstader), alle offentlege tenestetilbod
- Helseøyaper, turøyaper, idrettsanlegg
- Krav ved nybygg (teknisk forskrift 10), uteareal
- Offentlege innkjøp
- Tale/skrift

Korleis skal omsynet til mangfaldet i befolkninga takast vare på?

Døme:

- Dialog med sentrale brukargrupper
- Opplysingstiltak, synfaringar saman med ulike brukargrupper

Korleis gjør ein dette i praksis, kva er verkemidia?

Døme:

- Prosesesar der alle relevante interessegrupper blir tidleg involvert
- Samarbeid mellom flere fagavdelinger

Kva konflikt kan oppstå, og på kva måte kan ein vurdere behov for universell utforming i forhold til andre motstridande omsyn?

Døme:

- Økonomiske omsyn. Tilpassingar i ettertid er ofte fordyrande og gir mindre gode løysingar
- Kapasitetsomsyn (tjerje/buss) – halde rutetidene
- Haldning

Foto: Kristiansund kommune

9

Hovudmål 2: "Bistå kommunene innenfor eget fylke til å bli gode på universell utforming"

I tillegg til Molde, Kristiansund og Ålesund kommune, som har delteke sidan 2011, blei Giske kommune invitert med i prosjektet i 2013. Ålesund og Giske kommune fekk i 2013 eit tilskott på kroner 50 000 kvar til sitt arbeid på feltet.

I Ålesund har dei laga eit eiga prosjekt på universell utformingstiltak knytt til rehabilitering av Løvenvoldgata. Rehabiliteringa av Løvendvoldgata er eit pilotprosjekt av sitt slag i kommunen, i 2013 har dei satt fokus på universell utforming av fortau. Situasjonen før start var ei gate med lite kontrast, der vei og fortau fløyt saman, der bygningsveggen var einaste ledeline, skilt stod i gata og mange av butikkane hadde inngang med terskel. I tillegg har Løvendvoldgata bratte stigningsforhold og fleire nivåsprang i form av trapper i fotgengararealet (sjå bilet).



Før rehabilitering



Etter rehabilitering

Bilde: Fortau, før og etter rehabilitering.

Foto: Randi Mordal Hessen,
Ålesund kommune.

Nå har Ålesund kommune laga kant og møbleringssone for benker, lys og skilt med markert ledelinje i form av mørkare underlag, ei eiga ferdselssone med slett underlag som er open og fri for hindre, og ei veggssone med markert ledelinje i fortauet (sjå bilde). Arbeidet pågår ennå og hele prosjektet forventas ferdig sommeren 2014.



Bilde:
Fotgjengarovergang, før
og etter rehabilitering.

Foto: Randi Mordal
Hessen, Ålesund
kommune

Giske kommune har nytta tilskottet til kompetanseheving gjennom ein brei deltaking på konferansen “Du skal få ein dag i mårå” og til innkjøp av materiell frå Norsk Standard.

Hovudmål 3: “Være dialogpartner og bidragsyter i det nasjonale arbeidet for universell utforming ved å ta initiativ og medvirke i ulike nettverk og smarbeidsforsa”

I samband med implementering av handboken blei det planlagt eit internt seminar for dei tilsette i sentraladministrasjonen i fylkeskommunen. Til dette arrangementet skulle Rogaland og Hedmark fylkeskommune kome for å fortelje om eiga erfaringar og vise til gode eksemplar frå deira arbeid med universell utforming. Seminaret måtte dessverre avlysts på grunn av for få påmeldte. I staden blei det eit mini dialogseminar for dei som ynskja det der ein representant frå Rogaland fylkeskommune fortalte om deira arbeid med universell utforming knytt til kulturminner, samt nettportalen www.tilgjengelighet.no.

4. Økonomi

I 2013 fekk Møre og Romsdal til saman kroner 325 000 av Miljøverndepartementet, derav kroner 225 000 i stimuleringsmidlar og kroner 100 000 i prosjektmidlar.

Prosjektmidlane er brukt til layout og trykk av handboka, samt betaling til hotellet for det avlyste seminaret. Fylkeskommunen har til saman overført kroner 100 000 av stimuleringsmidlane til Giske og Ålesund kommune.